


NR. 1

JANUAR 2001

34.ÅRG.

Ungdomskoret frå Ytre Arna



som song under Nyårsmøtet for Nordhordland Indremisjon
i Arna kyrkje andre helga i januar.

Foto: Asle Hetlebakke



Årsmelding for Arna kyrkjelyd

AV KJELL NESE

Kringom på prestekontora arbeider ein i desse dagar med årsmeldinga for året som gjekk. Det er ein masse tal som skal inn på skjemaet. Det er fødde, døypte, konfirmerte, vigde, gravlagde i kyrkjelyden. Det gjeld verksemda i kyrkjelyden, gudstenestetala, det gjeld tal for dåpsopplæringsplan, ungdomsarbeid, møte og konsertar osv.

Årsrapportar er ikkje det mest trivelege vi arbeidar med. Tala kan tale så sterkt om det ein ikkje fekk gjort nok med i året som gjekk. Det er dette med realitetar og dei mange fine ord og målsetjingar og fyldige langtidsplanar. Så tyr vi til ord som, manglande ressursar. Vi skulle hatt meir pengar, fleire tilsette. Det er den vanlege lekse.

Vi skulle hatt økonomiske midlar til dei mange frivillige som arbeider i barnearbeidet, i ungdomsarbeidet – så dei kunne fått leiartrening, fått materiell, dekkta utgifter. Nå har vi kanskje lært at slike årsmeldingar skal hjelpe oss til å ta sats i arbeidet vidare.

Så sit ein og ser på tala for år 2000. Det som spring i augo er at her er det nok å gjera i 2001 og. Her er det plass for mange arbeidarar.

Kva gjer den store arbeidsgjevaren no om dagen med sikte på Arna kyrkjelyd? «Gå og arbeid i vingarden de og», sa

han til dei arbeidsledige på torget. Frå tidleg til seint gjekk han ut og sa det same. Til og med like før sola gjekk ned, kalla han ledige, og sette dei i arbeid. Det var kanskje ikkje så mykje dei kunne gjera på så kort tid, men han gav dei arbeid likevel.

Då er det kanskje ikkje den store nytten, og dei gode kvalifikasjonar han er ute etter. Så skal vi kanskje ikkje tenkje:

«Eg kan ikkje noko». «Eg duger ikkje til noko». «Det er for seint for meg.» Då er det heller slik: Meld deg til teneste du og. Kanskje det ikkje er «nyttige» arbeidarar han vil ha, men villige arbeidarar. Kanskje kan han gjera oss unyttige til reidskaper i sin vingard i Arna.

Det er ein underleg arbeidsherre vi har som gjev den som har arbeidd minst, like mykje som den som har arbeidd mest. Han som ikkje løner etter innsats, men etter kjærleiken, ikkje etter lengda på arbeidsdagen, men etter den trong han ser hjå oss. Han kallar oss jo ikkje fordi han vil ha nytte av oss, men for å kunne gje oss alle det viktigaste: Å få vera med i hans store vingard og få høyra han til. Difor er arbeidet ei glede, og all løn ufortent og av Guds nåde.

«Takk, takk, at også jeg fikk være med.»

GOD HELG!

Julefeiring hos pathorkashiafolket i Gulni teplantasje

Misjons teigen



Eit av høgdepunkta på turen vår til Bangladesh i jula var julefeiring med kyrkjelyden i Gulni tehage i Sylhet. Vi laut køyra bil i over to timar før vi var framme, og dei starta julefeiringa tidleg om morgonen der. Då me kom fram ca. kl. 09.30 var gårdsplassen vakkert pynta med dekorasjonar av farga silkepapir.

Over plassen der me skulle ha gudsteneste, hadde dei reist eit tak av bambusmatter, spent ut mellom to hus. Veggane i «kyrkja» var fargerike sarier spent ut mellom bambusstolpar. Fem stolar var lånt inn (til gjestene), elles var det eit par benker til å sitja på; resten fekk sitja på matter på «jordgolvet». Og over heile tehagen lydde det julemusikk frå ein kassett sendt ut med høgtalarar, samt bibelforteljingar. Etter te og nybakte kaker til gjestene (kaker høyrer med til julefeiringa i Bangladesh også), hadde me gudsteneste. Men det var på ingen måte deira første samling. Menigheten hadde vore samla heile natta, til bøn, song, og sikkert pynting og matlaging. Julenatta er ikkje til å sova bort!

Dei heldt sjølv gudsteneste, «lekmannsmesse» får ein kalla det, song og bibellesing, og så var det vår tur. Me helsa frå Arna kyrkjelyd, leste brev, veksla bønneemner, og delte Guds ord. Kollekt høyrer med, og etter gudstenesta var det laust snakk om eitt og hint. Me byrja bli kjende med kvarandre,

og både dei og me vart meir «ledige». Og så var det nokre som var sjuke. Dei kom fram med ein gut på 4 år, han hadde vore frisk når han var fødd, men 2 år gamal fekk han diarre, og då vart han samtidig blind. Sorg og bekymring lyste av augo på mora. Han hadde tydeleg preg av vitamin-A mangel, den mest vanlege årsak til blindhet hos barn i Bangladesh. Vi kunne lite gjera nå anna enn å be. Og midt i julefeiringa vår hadde me bønneemne saman med heile kyrkjelyden og fekk leggja guten fram for den største av alle legar, Gud Fader. Og dersom fleire vil hugsa han i bøn, så er namnet hans: Jackson Quede. La han og familien bli omslutta av bøn frå oss her i Arna.

Til slutt vart det middag, ris og karri. Men kyrkjelyden si julefeiring var ikkje over. Om ettermiddagen skulle naboar og vener frå tehagen koma på besøk. Dei skulle få te og kaker, og så kristen song og forkynning. Evangeliet skulle forkynnast til alle på ein slik dag. Og medan me drog heimover, lydde evangeliet i ord og tonar utover tehagen gjennom høgtalarar. Me hadde hatt ein juledag me neppe vil gløyma, med menneskeleg varme, omsorg, fellesskap og stor glede midt i ei vanskeleg verd og livssituasjon; **«Ei glede for alt folket – i dag er det fødd dykk ein frelsar!»**

Ottar Hope

I diakoniens tjeneste

Blomsterhilsen skal ut til jul!!!

Både i Arna og Ytre Arna har soknerådene etablert diakoniutvalg. Utvalgene har bl.a. ansvar for besøks-tjenesten i kyrkjelyden.

Dersom du ønsker besøk av noen fra kyrkjelyden kan du henvende deg til Kyrkje-kontoret i Arna. Vi vil formidle beskjeden videre til ansvarlige for besøktjenesten som vil ta kontakt med deg.

Kan du tenke deg å gjøre tjeneste i kyrkjelyden som besøker, ber vi deg om å ta kontakt med kyrkjekontoret.

MS



Bildet viser Klara Ulveseter som administrerer besøktjenesten i Arna.

Sett av følgende søndagskvelder til Tema/lovsang i Kyrkjelydshuset:

Endelig program kommer sinere.

Søndag 18. febr.	– Lovsangskveld/undervisning	kl. 19.00	i Kyrkjelydshuset.
Søndag 18. mars	– Lovsangskveld/undervisning	kl. 19.00	i Kyrkjelydshuset.
Søndag 29. april	– Lovsangskveld		i Bedehuset.
Søndag 27. mai	–		i Kyrkjelydshuset.
Søndag 24. juni	–		i Kyrkjelydshuset.

FESTKVELD

i Betania, Lone søndag 4. febr. kl. 19.00

*Evy-Gunn Knotten talar og syng.
Song av Jubel.*

Misjonsoffer. Misjonsbutikk. Enkel servering.

ALLE HJARTELEG VELKOMNE.

Arr.: Israelmisjonen

Kyrkjelydsbladet

AV TRYGVE JOHANSEN

Soknerådene i Arna er blitt bedt om å finne nye medarbeidere til Kyrkjelydsbladet vårt. Vi ønsker derfor å gi en utfordring til våre lesere denne gangen: Vil du være med å hjelpe oss? Vi trenger en redaksjonskomité på 3-4 personer som samles for å se gjennom stoffet før Kyrkjelydsbladet kommer ut. 7 ganger i året kommer Kyrkjelydsbladet ut, så derfor har redaksjonskomitéen minst 7 møter i året. Vi er ellers takknemlig for forslag på personer som vi kunne spørre til å være med i redaksjonskomitéen. Vi ønsker ellers å få mer lokalt stoff i vårt kyrkjelydsblad. Vi ville blitt glade for å høre fra dere som bor på de forskjellige stedene i Arna. Hva skjer på din plass? Send

Kyrkjelydsbladet eit lite referat fra ditt arbeid. Vi har et omfattende kyrkjelydsarbeid i Arna og mange bedehus, så derfor ville det ha vært interessant å få høre mer i vårt Kyrkjelydsblad om dette arbeidet. Vi er interessert i å høre om spesielle arrangement, men også om det daglige arbeid som blir gjort rundt omkring i Arna. Kyrkjelydsbladet i Arna kommer inn i de fleste hus. Vi håper også at bladet blir lest. Denne gang har vi altså gitt deg en konkret utfordring om å hjelpe oss med vårt Kyrkjelydsblad enten i redaksjonskomitéen eller å orientere om det arbeidet som du deltar i. Er dette en oppgave for deg? Ta kontakt med oss!

Normisjon, Region Hordaland

Leirer og arrangement våren/sommeren 2001

2.-5. mars:	Vinterdager for hele familien, «Wallemtunet», Kvamskogen
6.-9. april:	Barneleir «Fjon Fjellkirke», Masfjorden
20.-22. april:	Regionsårsmøte «Raknestunet», Osterøy
1.-3. juni:	Internasjonal familieleir, «Skjørsand», Fusa
2.-3. juni:	Pinsestevne for Sunnhordland, Leirvik Bedehus
22.-25. juni:	Barneleir «Wallemtunet», Kvamskogen
11.-15. juli:	Sommer i sør, Landsdekkende stevne i Grimstad
18. aug:	Sommerfest for hele familien, NLA-LH, Breistein

Påmelding: Normisjon, Øvre Korskirkealm. 5, 5017 Bergen. Tlf. 55 21 40 90.

Velkommen til vinter-/påskeleir i Sætervika

VINTERLEIR

1. 2.-5. mars	10-13 år	kr. 475,-
2. 5.-8. mars	10-12 år	kr. 475,-
3. 8.-11. mars	9-12 år	kr. 475,-

PÅSKELEIR

1. 6.-10. april	6.-9. klasse	kr. 610,-
2. 11.-16. april	Kretsungdomskorets Påskeleir.	

Be om egne program.

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Elles vert det leik, spel, skiturar til Kvamskogen m.m.

Påmelding/nærmare opplysningar:

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND
Sydneskleiven 22, 5010 Bergen
Tlf. 55 90 48 00. Fax. 55 90 48 10
E-post: mibergen@online.no





Viktig melding til våre misjonsvenner og samarbeidspartnere

1. januar 2001 går vi i Santalmisjonen sammen med Indremisjonselskapet og danner **NORMISJON**, som vil videreføre vårt arbeid hjemme og ute.

Vi takker menigheten og alle våre misjonsvenner for trofast misjonsarbeid og ser fram til fortsatt fruktbart samarbeid.

Ta gjerne kontakt med vårt regionkontor i Bergen.
Adr. : Øvre Korskirkealm. 5
Tlf. 55 21 40 90
E-post:
hordaland@normisjon.no



MENNESKER HJELPER MENNESKER

Aksjon Håp

Ved dør-til-dør aksjonen i Arna den 10. desember kom det inn kr. 177.000,- i Arna prestegjeld. Det er eit fint resultat, og ein seier ein hjartans takk til alle som gjekk på dørene, og alle som gav.

K.N.

Kunngjøring:

ÅRSMØTE for Arna kyrkjelyd søndag 11. mars 2001

- Kl. 11.00 Gudsteneste v/Trygve Johansen.
Kl. 12.30 Årsmøte i kyrkjelyds-
huset.
Årsmøtesaker.
Servering.

VEL MØTT!

Arr.: Arna sokneråd

Marit Skjeldal sluttar i Arna

Administrativ leiar i Arna prestegjeld, Marit Skjeldal, har sagt opp stillinga si. Ho tok til i Arna den 1. november 1999, og sluttar den 31. januar 2001. Skjeldal har fungert i 60% stilling som adm.leiar i 15 månader, og går attende til sin tidlegare arbeidsgjevar i full stilling.

I denne tida har vi lært henne å kjenne som ein særleg omgjengelig person. Mange har møtt hennar smil og behagelege vesen. Ho har gått inn i oppgåver med iver og teke leiaransvar. Slik har




det vore ei glede å ha henne som medarbeidar i begge sokneråda i prestegjeldet og i staben. Vi kan berre beklage at ho sluttar i stillinga. Ho har gjort ein fin innsats som den første i denne type stilling i Arna, og lagt ein mal for etterkomaren sin. Vi kan berre seia ein hjartans takk for innsatsen, og ynskje henne Guds signing på vegen vidare.

For soknerådet i Arna og Ytre Arna og for stabane ved kyrkjekontora

Kjell Nese

Bibelhelga



Lørdag 10. februar
«Kyrkja ut til folket»

Øyrane Torg

Lørdag 10. febr. kl. 12.00

- * Bibellesing
- * Sang og dans
- * Apell

Søndag 11. februar

Arna kyrkje:

Gudsteneste kl. 11.00 v/Tor Johansen.
Bibelmøte kl. 19.00. Tale v/pastor Øistein Øvergaard. Song.

Fellesmøte
i Ytre Arna kyrkje
11. februar 2001

På bibeldagen 11. februar vert det eit fellesmøte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00.

Pinsemenigheten, Indremisjonen på Haugland og i Ytre Arna og kyrkjelyden er saman om dette møtet.

Kapellan Henry Skogvoll vert talar på dette møtet.

Det vert teke opp eit offer, som går til Bibelmisjonen.

Vi ynskjer alle velkomne til dette bibelmøtet vårt.

ALPHA i Arna

AV SVEIN INGE MYHR

For 5 år siden var det få personer i Arna som hadde hørt om ALPHA. Til i dag har ca. 280 mennesker i Arna vært deltakere på kurset, og det er med stor frimodighet vi inviterer deg til å bli deltaker. Om du har gått tidligere har ikke noe å si. Ønsker du å ha en kveld i uken hvor du treffer hyggelige nye og gamle kjente, får en trygg bibelsk undervisning og interessante samtaler i et trygt fellesskap, da vet vi at Alpha er noe for deg.

Skulle du være i den heldige situasjon at du har kjente du ønsker å invitere med, kan du si: «Du vet jo at jeg er kristen, men jeg har ikke snakket med deg om det før. De fleste tror på Gud eller en annen makt, men det



er litt tabu å snakke om det. Nå er jeg med på noe i kirken, der det er lov å snakke om det man tror og tenker ...» Selv om kurset har startet opp når du leser dette, er du invitert.

Program

Tirsdag 23.01. ALPHA-middag

Tema: «Kristendommen: Kjedelig, usant og irrelevant?» v/Jan Arne Igelkjøn.

Tirsdag 30.01.:

«Hvem er Jesus?» v/Kari Myhr.

Tirsdag 13.02.:

«Hvorfor døde Jesus?» v/Bjørge Albrechtsen.

Tirsdag 20.02.:

«Hvordan kan jeg vite at jeg tror?» v/Kari Secher.

Tirsdag 28.02.:

«Hvorfor og hvordan lese Bibelen?» v/Kjell Nese.

Obs - MANDAG 12.03. - obs:

«Hvorfor og hvordan kan jeg be?» v/Birgit Opheim.

Tirsdag 20.03.:

«Hvordan leder Gud?» v/Per Fimreite.

Fredag 23. til søndag 25.03.:

Week-end samling på Wallemtnet. Temaer om «Den Hellige Ånd» og «Hvordan kan jeg gjøre det beste ut av resten av mitt liv?»

Tirsdag 27.03.:

«Hvordan kan jeg motstå det vonde?» v/Gunnar Myrbakk.

Tirsdag 03.04.:

«Hvordan fortelle andre om det?» v/Steinar Opheim.

Tirsdag 17.04.:

«Helbreder Gud i dag?» v/Sverre Kristoffersen.

Tirsdag 24.04.:

«Hva med kirken og menigheten?»

Vi sees!

Advent og juletid!

Det har vært en travel tid for de som jobber i kirkene. Kirkeklokkene har ringt både sent og tidlig.

Adventstiden startet med lysmesser og med årets konfirmanter som lysbærere. Det er gledelig at kor og musikklag også i år har brukt kirkene til å framføre egne julekonserter. Skoler og barnehager har hatt egne

gudstjenester i ukedagene.

Kirkebesøket har vært stort i julen. På julaften var det 1500 mennesker i Arna kyrkje fordelt på fire gudstjenester. I Ytre Arna 400 fordelt på to gudstjenester. I tillegg var det fullt hus på gudstjenestene på Takvam og Trengereid.

MS



Fra lysmessen i Arna kyrkje før jul.

Foto: Christopher David Briggs



Staben tar seg tid til fest i en travel førjulstid.



3.12. 2000:
Forventningsfulle 2.-klassingar møtte opp til gudsteneste og fekk utdelt ein songkassett av sokneprest Kjell Nese.

Nytt kor!

Kan du noko av dette: synge, spille, danse, leke eller le og er rundt 20-40 år. Kom og bli med oss i Parakletos. Vi øver i kyrkje-lydshuset frå kl. 19-21 kvar tirsdag. Trur du

at dette kan være noko for deg, er du hjarteleg velkommen til å begynne i koret. Er det noko du lurar på kan du ta kontakt med:
Inger Johanne Jenssen Tveit (formann). Tlf. 55 24 20 07 el. Møyfrid Naterstad (nestf.). Tlf. 55 24 37 54.

VIL DU LYTTE?



Kirkens SOS
i Bjørgvin

Kirkens SOS starter nytt innføringskurs for frivillige medarbeidere. Kurset går over 10 torsdagskvelder. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten. For å bli medarbeider må du være 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeideren skal ikke finne løsninger eller «gode råd». Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste!
Ring Kirkens SOS, tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 90 53 23 20 kveld og helg.

Æra far din og mor di

Psykiater Hans Olav Tungesvik om det fjerde bod – eit bod med løfte

«Æra far din og mor di, som Herren din Gud har bode deg; då skal du få leva lenge, og det skal gå deg vel i det landet Herren din Gud gjev deg». 5. Mosebok 5,16.

Dette er og eit av dei ti boda som lett innbyr til mentalhygieniske refleksjonar. Tilhøvet mellom foreldre og born er noko av det heilt grunnleggjande i eit kvart menneske sitt liv, og graden av kontakt og samkjensle mellom born og foreldre kan vera heilt avgjerande for dei unge sin vokster fram til mogne og harmoniske menneske. Er kontakten dårleg og oppsedinga autoritær, kan det føra til varige skadeverknader på unge sinn. Er oppsedinga for ettergjevande og lemfeldig, kan det føra til like store skader, men av eit anna slag. For strenge rammer kring oppsedinga kan skapa nevrotiske personlegdomar av dei unge, medan mangelen på grenser og retningslinjer kan føra til identitetskriser og mangel på struktur i dei unge sinn. Det ligg med andre ord eit veldig ansvar på oss foreldre når det gjeld framtida til borna våre, om dei skal bli lukkelege og harmoniske menneske, eller det motsette.



lever urettferdig, skal heidra og syna respekt for foreldra ved neste krossveg. Og ingen kan vel venta at ei ung kvinne som har vore utsett for incest frå far sin, framleis skal elska og respektera han?

Eit bod med lovnader

Det fjerde bodet er eit bod som innvarslar kommunikasjon begge vegar mellom born og foreldre. Det vil gå den vel som heidrar far sin og mor si,

om han eller ho får lovnader om å leva lenge i landet. Det er her tale om å ta vare på det beste i foreldrearven, om å forvalta dei verdiar ein er blitt betrudd frå mor og far på ein god og rett måte. Det er og spørsmål om å heidra deira minne etter at dei er døde. Det har som føresetnad at barnet også får gode opplevingar frå foreldra, at dei har fått oppleva at mor og far var rettvisse, og at borna vart behandla som likeverdige menneske, og såleis fekk ei kjensle av sjølv å vera verdifulle. Skal dette lukkast, så krev det ein medviten innsats frå foreldra si side, og vilje og evne til å ta si oppgåve som oppsedar og føredøme på alvor.

I ei avis las eg nyleg at det fjerde bodet var eit lågprioritert bod i vår tid. Berre tre av ti som vart spurde kunne tenkja seg å ha foreldra sine hos seg i heimen når dei vart gamle, i staden for å få dei på institusjon. Og berre to av ti eldre kunne tenkja seg å bu hos borna sine på sine gamle dagar. Kva fortel denne utviklinga oss? Er det noko med omsorgstanken, respekt og heider som har blitt borte? Er det slik at dei eldre kjenner seg i vege og til byrde når dei er saman med dei unge?

Det fjerde bodet treng ei oppjustering og ei opp-prioritering. Mykje av det triste og lei me ser innan eldreomsorga i dag, kan nok ha samanheng med den status det fjerde bodet har fått. Alle Guds bod er gode for oss menneske. At det fjerde bodet er godt for menneska, kan me alle oppleva i vår eigen kvardag.

Både born og foreldre må syna respekt

Men kva så med det fjerde bodet? Er ikkje det først og fremst ei utfordring til born og unge om korleis dei skal innretta livet sitt i høve til foreldra?

I første omgang kan det sjå slik ut. Det er klårt at dette er ein bodskap til born og unge om å syna respekt, vørndnad og omtanke for foreldra sine. Dette er ei konkret og rettkomen utfordring til alle unge. Og det er eit viktig vilkår for gode og harmoniske tilhøve i heimen at dette bodet blir teke på alvor.

Men i bodet ligg det og innebygt eit sjølv-sagt krav til foreldra om at dei skal heidra, visa omsorg og respekt for borna sine. Ingen kan venta at eit barn som blir straffa og hundsda av foreldra på ein måte dei opp-

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte

Arna sokn:

03.12.: Morten Andre Rogne Birknes,
Cristoffer Falch Helgesen,
Marthe Tornquist Padøy, Sandra
Kalsås Dyndal, Silje-Marie Hagebø
Helland, Tommy Christiansen

10.12.: Viola Frøyen

17.12.: Ane Taule Hordvik, Trude Borge

25.12.: Tonje Beate Karlsen

28.12.: Wilma Sørsæther Gaasdal

28.12.: Vetle Bjarne Godø Botnen, døpt i
Florø kyrkje

06.01.: Mathilde Madsen Gåsdaal, døpt i
Samnanger kyrkje

Ytre Arna sokn:

25.12.: Lea Margrethe Skagen

07.01.: Johanna Sårheim Olsen



Vigde

Arna sokn:

30.12.: Beate Iversen Listhaug og
Svein Helge Andal, Takvam kapell

05.01.: Sissel Andersen og Morten Johnsen



Døde

Arna sokn:

14.11.: Solveig Nordpoll f. 1914

19.11.: Olav Joakim Stavenes, f. 1944

23.11.: Elisabeth Stuwitz Paulsen, f. 1909

27.11.: Hans Paulsen, f. 1934

28.11.: Hans Bertin Thorsvik, f. 1912

01.12.: Andreas Håvardstun, f. 1910

03.12.: Leif Lohne, f. 1921

10.12.: Anny Aslaug Aasen, f. 1940

11.12.: Anne Lise Skuggen Klungreseth,
f. 1944

05.01.: Marie Herfindal, f. 1905

06.01.: Ragnhild Berit Rong Grøndal,
f. 1946

Ytre Arna sokn:

18.11.: Oddvar Vevle

30.11.: Inga Alvida Kalvik

04.12.: Morten Hansen

Ofringar:

Arna sokn:

19.11. Kick offkr. 3.353,00

26.11. Kyrkjelydsarbeidetkr. 3.301,00

03.12. Dåpsopplæringkr. 5.507,00

10.12. Aksjon Håpkr. 9.694,00

17.12. Barne- og ungd.prosj. kr. 2.792,00

24.12. Kirkens Nødhjelpkr. 7.539,00

24.12. Kirkens Nødhjelpkr. 5.775,50

24.12. Kirkens Nødhjelpkr. 8.428,00

24.12. Diakoniutvalgetkr. 6.819,50

25.12. Det norske Misj.selsk. kr. 5.306,50

26.12. Parakletoskr. 1.737,50

01.01. Kyrkjelydsarbeidetkr. 2.702,50

07.01. Norsk Muham.misj.kr. 8.850,00

14.01. Nordh. Indremisj.kr. 11.987,50

Ytre Arna sokn:

03.07. IKOkr. 2.203,50

10.12. Aksjon Håpkr. 1.824,00

24.12. Kirkens Nødhjelpkr. 9.684,00

25.12. Misjonsselskapetkr. 1.643,00

31.12. Kyrkjelydsarbeidetkr. 701,50

07.01. Israelsmisjonenkr. 1.781,00

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet nr. 2 år 2001 kjem etter
planen ut **7. mars**. Stoff til dette bladet
kan leverast til kyrkjekontoret innan
20. februar.



Kyrkjeskys

HAUKELAND/UNNELAND

4. februar:

Åshild Mæstadtlf. 55 24 00 42

11. februar:

Sverre Myklebusttlf. 55 24 29 05

18. februar:

Ingrid Hopetlf. 55 24 08 08

25. februar:

Jens Haugetlf. 55 24 01 43

mars:

Oddmund Skjoldaltlf. 55 24 28 76

11. mars: Åshild Mæstad

ARNATVEIT/INDRE ARNA

Gunnar Kaaresentlf. 55 24 02 41

11. februar:

Per Eidetlf. 55 24 15 15

18. februar:

Jostein Monstadtlf. 55 24 32 20

25. februar:

Arne Håøytlf. 55 24 03 26

4. mars:

Jørgen Eliassentlf. 55 24 02 39

11. mars: Gunnar Kaaresen

TUNES/GARNES

4. mars:

Malvin Klementsenstlf. 55 24 29 56

4. februar:

Ragnar Aabrekktlf. 55 24 25 27

18. februar:

Leidulf Almenningtlf. 55 24 25 52

25. februar:

Kari Claussentlf. 55 24 12 20

4. mars:

Per Vietlf. 55 24 07 26

11. mars: Malvin Klementsens

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 14, Borgstova, Indre Arna.

Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelyds huset, P. Jøbensv. 39, 5265 Ytre Arna.

Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46. Kontortid: Onsdag og fredag.

Dersom du ikkje får svar, ber vi om at du tek kontakt med kyrkjekontoret i Indre Arna.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese

Prestegarden, 5260 Indre Arna

Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen

Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna

Christopher David Briggs

Pb 161 Indre Arna

5888 Bergen

Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna

Ella Kaaresen

Hølbekken 125, 5262 Arnatveit

Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal

Stuajordet 31, 5262 Arnatveit

Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna

Jarle A. Sandvik

Tlf. 55 24 00 00

Organist Ytre Arna

Siri Brunvoll

Vågsbotn, 5131 Nyborg

Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna

Benthe Vevle Birkeland

Sørfjordveien 11C, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna

Sylvi Sæle

Skulev. 8, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 88 93

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland

Marit Hope – Randi Hope Aga
Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Døgnvakt

Står til teneste med alt ved dødsfall



SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland – M. Hamre



Tlf. 55 24 25 95 **ØYRANE TORG** 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B


– Fornøyde kunder
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00



ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?

 **Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale
storbank
i Arna!

 **KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.


Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennere,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 04.02.** *Vingardssundag – Matt. 20,1-16*
Arna kl. 11.00. Pastor Olav Vikse. Dåp. Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Misjonshøgskolen i Stavanger.
Takvam kl. 16.00. Kjell Nese. Årsmøte i nemnda.
- 10.02.** **Øyrane Torg kl. 12.00.** Kyrkja ut til folket.
- 11.02.** *Såmannssundag – Rom. 10,13-17*
Arna kl. 11.00 Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.
Arna kl. 19.00. Bibelmøte.
Trengereid kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Offer.
Ytre Arna kl. 19.00. Bibelmøte. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.
- 18.02.** *Kristi forklåringsdag – Matt. 17, 1-9*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Trygve Johansen. Predikant fra Normisjon. Bornas Misjonssundag. Barnekoret. Takkoffer til Normisjon. Kyrkjekaffi.
- 25.02.** *Sundag f. faste – Luk. 18,31-43*
Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Dâpsskule. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Kyrkjekaffi for konf. foreldre. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 28.02.** **Arna kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Kjell Nese. Nattverd.
- 04.03.** *1.s. i faste – Matt. 4,1-11*
Arna kl. 11.00. Pastor Olav Vikse. Nattverd. Takkoffer til Klubben for funksjonshemma.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- 07.03.** **Takvam kl. 19.00.** Kjell Nese. Fastegudsteneste. Nattverd.
- 11.03.** *2.s. i faste – Matt. 15,21-28*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte etter gudstenesta.
Trengereid kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Offer.